

UTDANNING FOR VAKSNE i Samnanger



Samordna plan for vaksenopplæring.

Vedteken av Samnanger kommune,
oppvekst og omsorg, 05.06.02

e-post: adm@samnanger.kommune.no

Koordinerende instans:
Vaksenopplæringa i Samnanger
5650 Tysse
Tlf. 56586600

Føreord.

Kommunane sitt ansvar for vaksenopplæringa er heimla i **Vaksenopplæringslova** av 1976 og **Opplæringslova av 1998**. **Stortingsmelding 42 1997/98 (Kompetansereforma)** og **Inst.S nr, 78 1998/99** aktualiserer dette og utvidar kommunane sitt ansvar til også å gjelda eit generelt informasjons- og samordningsansvar ovafor og mellom vaksne brukarar og aktuelle institusjonar/næringsliv m.m.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har gjeve kommunane ansvar for å laga ein plan for utvikling av vaksenopplæringa. Planen skal visa korleis kommunen vil gjennomføra kompetansereforma både medtanke på informasjon og oppfølging av mål og prinsipp. Planen skal også ha eit lokalt tilpassa opplegg som viser tiltak og tilbod i den lokale vaksenopplæringa, korleis ho vert organisert, kva innhald ho kan ha, og kva retningsliner og reglar som gjeld for dei ymse tiltaka.

Planen skal femne om all vaksenopplæring, både den som kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for, og den som frivillige organisasjonar og andre aktørar gjennomfører.

Planen for Samnanger er utforma med utgangspunkt i ein planmal for Hordaland fylke, som er utarbeidd av ei arbeidsgruppe ved Statens utdanningskontor i Hordaland.

”Plan for vaksenopplæringa i Samnanger kommune” er vedteken på møte i Hovudutval for oppvekst og omsorg 5. juni 2002.

Tysse 27.05.02

Tone Ramsli
-adm.sjef-

Erene Solsvik Bruvik
-ped. konsulent-

Berit Hauge Aadland
- lærar vaksenopplæring-

1.GENERELL DEL.

”Målet for all vaksenopplæring er å hjelpa den einskilde til eit meir meiningsfylt liv.”

(Lov om vaksenopplæring, Kap. 1 §1)

1.1. Lovforankring

Opplæring for vaksne er forankra i følgjande lover:

Lov om vaksenopplæring av 28.05.76 nr. 35 med endringar.

Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (Opplæringslova) av 09.06.98, nr.61.

Lov om universitet og høgskular av 12.05.95, nr. 22.

Lov om folkehøgskular av 08.06.84, nr. 64.

I tillegg vert vaksenopplæringa regulert av ulike KUF-rundskriv.

1.2. Historikk.

Lov om vaksenopplæring vart vedteken og sett i kraft i 1976.

Lova skal hjelpa til å gje menneske i vaksen alder lik tilgang på kunnskap, innsikt og dugleik. Ho skal fremja den einskilde si verdiorientering og personlege utvikling, og ho skal styrkja grunnlaget for sjølvstendig innsats og samarbeid med andre i yrkes- og samfunnsliv.

Lova har vore viktig for utviklinga av vaksenopplæringa i perioden fram til i dag, og har regulert følgjande område:

- ❖ Førstegongsutdanning på grunnskule- og vidaregåande skule sitt nivå som særleg er organisert for vaksne.
- ❖ Alternative tilbod om førstegongsutdanning for vaksne på alle nivå.
- ❖ Etterutdanning og kortare kurs som ikkje er deler av førstegongsutdanninga.
- ❖ Studiarbeid i organisasjonar som har rett til tilskot.
- ❖ Kortare kurs for vaksne som ledd i arbeidsmarknadspolitikken.
- ❖ Opplæring i eller i tilknytning til bedrift.
- ❖ Andre opplæringstiltak for vaksne basert på særskild vurdering i kvart tilfelle.
- ❖ Fjernundervisning ved frittstående organisasjonar som har rett tilskot.

Opplæringslova av 1998 la inn visse føringar på vaksenopplæring, m.a. i tilknytning til å søkja om spesialundervisning.

Stortingsmelding nr. 42 – Kompetansereforma.

Her la regjeringa vekt på at kompetanseutvikling var vesentleg for vidareutvikling av norsk arbeidsliv og det norske samfunnet. I meldinga er omtale av rammevilkår. Regjeringa byggjer vurderinga si på at alle verksemder i norsk arbeidsliv og heile den norske befolkninga må vera innstilte på ei kontinuerleg kompetanseutvikling.

Meldinga fokuserte på nokre sentrale spørsmål som kunne gje eit betre grunnlag for å utvikla og gjennomføra handlingsplanar innafor dei ulike sektorane og bransjane.

Det var mellom anna spørsmål om:

- ❖ Opplæring på grunnskulen og vidaregåande skule sitt nivå.
- ❖ Rett til utdanningspermisjon.
- ❖ Finansiering av livsopphald og skatteforhold.
- ❖ Dokumentasjon av realkompetanse.
- ❖ Opptak til grunnutdanning.
- ❖ Fleksible tilbod og arbeidsplassen som læringsarena.
- ❖ Arbeidsmarknadsetaten.
- ❖ Informasjon.
- ❖ Gjennomføring.

2. GJENNOMFØRING AV TILTAK I SAMNANGER

2.1. Målsetjing.

- ❖ Å sikra at informasjon om rettar, ordningar og tilbod når fram til den einskilde innbyggjar og arbeidsgjevar i kommunen.
- ❖ Å sikra at opplæringsbehov og utdanningsønske til vaksne i Samnanger kjem til uttrykk ovafor opplærings- og utdanningsinstitusjonane.
- ❖ Å sikra at tilbydarane i opplæringsmarknaden samarbeider og tilpassar tilboda sine til dei brukarane som til ei kvar tid finst.

2.2. Kommunen sitt ansvar.

- ❖ Utarbeida vaksenopplæringsplan for Samnanger.
- ❖ Rullera og oppdatera planen.
- ❖ Sikra koordinering mellom vaksenopplæringstiltaka.
- ❖ Sikra gode informasjonsrutinar mellom tilbydarane, og mellom tilbydarane og brukarane.

2.3. Tiltak for å realisera kommunen sitt ansvar.

2.3.1. Planansvar

Planansvar vil generelt liggja til administrasjonssjefen .

2.3.2. Gode informasjonsrutinar om rettar, plikter og tilbod.

Målsetjing:

Gje vaksne i Samnanger ein reiskap til å skaffa seg oversyn over vaksenopplæringsfeltet.

Følgjande vert gjeve ut som felles informasjon ein gong i året:

- ❖ Organisasjonskart: Oversyn over alle tilbydarane.
- ❖ Presentasjon av den einskilde tilbydar med m.a. desse punkta:
 - Namn,
 - Tilbod. Kurs og målgruppe.
 - Eksamen- og prøveordningar.
 - Bakgrunn for tilboda/behovskartlegging eller overordna føringar.
- ❖ Rutinar for informasjon og tilbodsutlysing.
- ❖ Korleis ein kan ta kontakt med tilbydar.
- ❖ Søknadsprosedyre og inntak.
- ❖ Lovgrunnlag for verksemda.
- ❖ Finansiering.
- ❖ Udekkja behov og utfordringar: Ressursar, reiskapar og organisasjonsgrep som er nødvendige for å møta udekkja behov og nødvendige omstillingar.
- ❖ Behovskartleggingsskjema.
- ❖ System for godkjenning av realkompetanse.
- ❖ Finansieringsordningar for utdanningskostnader og livsopphald.
- ❖ Permisjonsrettar.

Informasjonen skal liggja tilgjengeleg som database på bibliotek , arbeidskontor, alle offentlege kontor, aktuelle utdanningsinstitusjonar og på Heimesida til Samnanger kommune. Ein gong i året vert ein enkel informasjon sendt til alle husstandar og verksemdar i kommunen.

2.3.3 Kartleggingsrutinar.

Målsetjing:

Opplærings- og utdanningstilbodet er til ei kvar tid tilpassa brukarane

- ❖ *Kommunen gjennomfører kartlegging av behov*
- ❖ Kartleggingsskjema skal liggja ute på bibliotek, offentlege kontor og hos tilbydarar, adressert til ein koordineringsinstans. (Vedlegg 1 og 2).
- ❖ Kartleggingsskjema skal rullerast og sendast ut til arbeidsgjevar og publikum ein gong i året saman med informasjonsbrosjyre.
- ❖ Det skal annonserast i lokalpressa med oppfordring om å senda inn utdanningsønske og behov til kommunen.

2.3.4 Koordinerande instans.

Målsetjing:

Kommunen sikrar at det vert gjeve god informasjon.

Koordineringsarbeidet omfattar:

- ❖ Ha god kjennskap til lover og regelverk på vaksenopplæringsområdet.
- ❖ Vera sekretariatfunksjon i høve til oppgåvene med informasjon og behovskartlegging.

- ❖ Vedlikehald av database og informasjon.
- ❖ Vera den instans som arbeidsgjevar og publikum kan formidla opp-
- ❖ læringsbehova sine til.
- ❖ Ha god kontakt med tilbydarane.
- ❖ Ha sekretariatsfunksjon for eit Vaksenopplæringsforum i kommunen
- ❖ og arbeida i samsvar med retningsliner for dette forumet.
- ❖ Ha kontakt med instansane som vurderer realkompetanse.
- ❖ Ha ansvar for at planen vert rullert.

Adm.sjefen avgjer plassering og finansiering av den koordinerande instansen.

2.3.5. Vaksenopplæringsforum

Gjennom etablering av vaksenopplæringsforum der alle partar er representerte, vil ein oppnå målsettinga i planen.

Målsetjing:

Kommunen må sikra god informasjon internt mellom tilbydarane og mellom tilbydarane og brukarane.

- ❖ Forumet er eit rådgjevande organ utan avgjerdsmynde.
- ❖ Aktørane møtest til gjensidig informasjonsutveksling og samarbeid.
- ❖ Tilbydarane vert sikra ein felles informasjon om opplæringsbehov.
- ❖ Sikra at opplæringsbehova så langt det let seg gjera vert komne i møte av tilbydarane, og at tilboda vert brukartilpassa.
- ❖ Vera eit rådgjevande organ på økonomi og på særlege utviklingsområde.
- ❖ Fremja utvikling av gode samarbeidsformer.
- ❖ Forumet skal ha møte minimum to gonger for året.

Kommunen avgjer samansetjing, organisering og møtefrekvens,

Vaksenopplæringsforumet kan ha slik samansetjing:

- ❖ representant frå administrasjonssjefen
- ❖ representant frå Vaksenopplæringa
- ❖ representant frå vidaregåande skule (Fusa)
- ❖ representant frå Aetat
- ❖ representant frå arbeidstakarorganisasjonane. (Kommuneforbundet)
- ❖ representant frå Samnanger næringsforum
- ❖ representant frå studieforbunda eller VOK
- ❖ representant frå Utval for oppvekst og omsorg.
- ❖ representant frå biblioteket

2.3.6. Praktisk gjennomføring av tiltak.

Ansvar for gjennomføring av tiltak ligg på den einskilde tilbydar.

3. UNDERVISNING

3.1 Tilbod og målgrupper.

3.1.1. Rett til grunnskuleopplæring for vaksne etter Opplæringslova § 4A-1 Eksamensretta grunnskuleopplæring.

Dei som er over opplæringspliktig alder, og som treng grunnskuleopplæring, har rett til slik opplæring, så sant dei ikkje har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Retten til opplæring omfattar til vanleg dei faga ein treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring for vaksne:

Norsk, matematikk, engelsk og to av faga samfunnsfag, natur - og miljøfag eller KRL. I dei tre første faga er det tilrådd eit timetal på 228 årstimar, medan det i dei munnlege faga er tilrådd 152 årstimar.

Opplæringa skal tilpassast behovet til den einskilde.

Opplæringa og undervisningsmateriellet skal vera gratis.

Målgrupper:

- ❖ Vaksne som ikkje har teke ut heile grunnskuletilbodet i opplæringspliktig alder, eller som har fått eit mangelfullt eller dårleg tilpassa grunnskuletilbod.
- ❖ Vaksne med ynskje om eksamensretta grunnskuleopplæring for å betra dugleik/karakterar med tanke på vidaregåande opplæring eller kvalifikasjon i yrke.
- ❖ Vaksne som på grunn av skade eller sjukdom har behov for ny opplæring.
- ❖ Vaksne som vert tilrådd grunnskuleundervisning av samarbeidande partar.(Arbeidsmarknadsetaten, sosialetaten, trygdeetaten, arbeidsgjevar o.l.)
- ❖ Innvandrarar kan ta grunnskuleopplæring i kombinasjon med norskopplæringa.

Koordinator for vaksneopplæring skal vurderer om den einskilde søker treng grunnskuleopplæring

3.1.2. Spesialundervisning for vaksne. Opplæringslova § 4A-2

Spesialundervisning for vaksne kan gjelda:

- ❖ Opplæring for vaksne som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbyte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne.
- ❖ Opplæring for vaksne som har særlege behov for å kunna utvikla eller halda ved like grunnleggjande dugleikar.
- ❖ Fornya grunnskuleopplæring for vaksne som på grunn av skade, sjukdom, funksjonshemming eller yrkes tap har trong for ny innlæring av basiskunnskap.

Målgrupper:

- ❖ Vaksne med lese-/skrivevanskar.
- ❖ Vaksne med spesifikke lærevanskar.

- ❖ Vaksne med psykisk utviklingshemming.
- ❖ Vaksne med sjukdom/skade, t.d. etter ulykker, hjerneslag.
- ❖ Vaksne som har vorte blinde, synshemma eller fått nedsett hørsel.
- ❖ Andre vaksne med særskilde behov for å kunne fungere tilfredsstillande.

For den som ynskjer spesialundervisning etter § 4A-2 i Opplæringslova, skal det gjevast **sakkunnig vurdering av PPT** og utarbeidast **individuell opplæringsplan**.

Innhaldet vil rette seg etter kva behov den einkilde har.

Døme på innhald:

Utvalde fag og/eller deler av læreplanen for grunnskulen, kommunikasjonstrening, ADL - trening, arbeidstrening, IKT, tekniske hjelpemiddel, sjølvhjelp i kvardagen, meiningsfylt fritid og andre tiltak som kan vera nyttige for personen.

3.1.3. Framandspråklege

Innhald:

Opplæringa vert gjeven i samsvar med KUF-skriv F-4058:

”Retningslinjer for norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrere” og

”Opplæringsplan i norsk med samfunnskunnskap for vaksne innvandrere”.

Opplegget er nivåbasert og relatert til 220 poeng på språkprøven

Maksimale timerammer er for:

Løp A: Inntil 850 timar for personar med skulebakgrunn som tilsvare norsk grunnskule.

Løp B: Inntil 3.000 timar for personar med lite eller ingen skulebakgrunn.

Målgruppe er personar som har anna morsmål enn norsk, dansk, svensk eller samisk, og som har busett seg i kommunen og har behov for og ønskje om opplæring i norsk.

3.1.4. Evaluering , eksamen og prøver.

Eksamensretta grunnskuleundervisning: Elevane går opp til grunnskuleeksamen for vaksne etter ordning for privatistar.

Spesialundervisning for vaksne: Det vert utarbeidd individuell læreplan for spesialundervisning med heimel i § 4-A i Opplæringslova.

Den individuelle planen skal evaluerast etter haust- og vårsemesteret.

Norskopplæring med samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar:

Løp A vert avslutta med Norsk Språktest sin språkprøve. (Mellomnivåtesten)

Prøven har ein skriftleg og ein munnleg del.

Løp B kan avsluttast med berre den munnlege delen av språkprøven.

Finansiering.

Spesialundervisning og eksamensretta grunnskuleundervisning vert finansiert med

årlege løyvingar over kommunebudsjettet, men løyvingar frå staten ligg i ramme-overføringane som kommunen får. Undervisninga er gratis for elevane.

Undervisning i norsk med samfunnskunnskap for framandspråklege vaksne vert refundert frå staten i samsvar med reglar for tilskot til slik undervisning.

Kommunalt tilskot til studieforbund vert dekkja av vaksenopplæringa sitt budsjett.

Evaluering/ending.

Planen skal evaluerast etter skuleåret 2002/2003 av:

- ❖ Kommuneadministrasjonen
- ❖ rektor/lærarar ved vaksenopplæringa
- ❖ elevar (eventuelt i samarbeid med interesseorganisasjonar)
- ❖ andre aktuelle av samarbeidspartane

Planen skal justerast i tråd med endingar i lovverket.

Planen kan endrast av Utval for oppvekst og omsorg på grunnlag av:

- ❖ ending av lover og reglar
- ❖ dei røynslene ein gjer undervegs i arbeidet
- ❖ dei signala samarbeidspartar og brukarar gjev undervegs
- ❖ dei signala som kjem fram under evalueringa

Atterhald

Samnanger kommune må ta etterhald om at undervisning ikkje kan verta sett i gang dersom det er mangel på midlar, mangel på lærarkrefter, eller at for få kandidatar melder seg.

Dersom det er for få kandidatar, vil kommunen søkja samarbeid med andre kommunar for å få til eit undervisningstilbod.